

| Tiltak som ikkje er tilrådd |
|--|
| Politisk leiing: Truleg ikkje mogeleg å endre utover budsjettframlegget |
| Sentraladministrasjonen: Reduksjon utover 20 årsverk kan ikkje kommunedirektøren sjå er mogeleg, då ein ikkje vil klare å oppfylle krav, slik som rekneskapsføring, lønsutbetaling, ajourhold på inn- og utgåande post, utsending saker, ivaretaking av internkontroll. |
| Fellesutgifter: Det kan vere mogeleg å auke bruk av fond i 2024 noko |
| Barnehage: Større nedtrekk på barnehage enn budsjett og økonomiplan legg opp til vil føre til at løyvingane kjem under forskrifter for bemanning. Budsjettframlegget byggjer på norma som er etablert i forskrifta |
| Grunnskule: Større nedtrekk på grunnskule enn budsjett og økonomiplan legg opp til vil føre til at løyvingane kjem under forskrifter for bemanning (lærarnorm) |
| Kommunehelse: Det er mogeleg å redusere helsesjukepleiarstillingar og fysioterapeutar. Vil krevje oppseiingar. Venteliste på fysiotilbodet. Svekkelse av skulehelsetilbodet for utsette gruppe. Kommunedirektøren har ikkje vurdert endringar i legetenesta. Knyter seg til at fastlegetilskotet er fastlagt og ordningane med interkommunal legevakt/legevaktcentral er basert på felles bidrag frå kommunane. Kinn kommune kan seie opp "God start" (Jordmorsenteret ved sjukehuset på Nordfjordeid) ordninga. Dette kan setje samarbeidsavtalen mellom kommunane i fare og barseltilbodet vert redusert i Nordfjord. |
| Pleie og omsorg: Redusere talet på vakter (sjukepleiarar/helsefagarbeidarar) i omsorgstenestene. Vil føre til vanskar med å oppretthalde og følge opp vedtak om hjelp i heimen. Eit anna alternativ er å legg ned dagtilbod. Konsekvensen av redusert dagtilbod er større press på institusjon. Slik alternativ er såleis ikkje vurdert. |
| Barnevern: Ikkje mogeleg å juster budsjetttramme og auke krav til ressursutnytting enn økonomiplan legg opp til. |
| Sosialhjelp: er knytt til individuelle rettar. Endringa satsar for tildeling av hjelp vil truleg ikkje ha økonomisk effekt. |
| Kultur, fritid og kyrkja: Legg ned tilbod eller redusere opningstid. Gjeld Kino, kulturhus og ungdomsklubb. |
| Plan, byggesak og miljø: Kan auke gebrysatsar. Må gjere ei konkret vurdering. |
| Næring og samferdsel: Redusere tilskottssatsar meir enn kva kommunedirektøren har lagt opp til. |
| Bustad: Truleg ikkje større moglegheit. |
| Brann og ulykkesvern: Reduser vakter i Måløy og Florø. Vil truleg ikkje gjøre det mogeleg å rekruttere tilsette til brann og redning. Vil vere i strid med bemanningsforskriftene. |